



Korleis har skeiv ungdom i Vestland det?

Vestlandsanalyse 2024/02

Vestlandsanalyse 2024/02 er eit kunnskapsgrunnlag utarbeida i september 2024 av Vestland fylkeskommune ved seksjon for plan, klima og analyse, avdeling for næring, plan og innovasjon.

Vestnorsk kunnskapssenter for kjønns- og seksualitetsmangfald har vore ein viktig samarbeidspart og dei har bidraget med fagleg rådgjeving og sitat.

Innhald

| | |
|---|-----------|
| Innleiing | 5 |
| Kvifor | 5 |
| Kva veit vi frå før | 6 |
| Korleis | 7 |
| Ungdata i Vestland 2024 | 7 |
| Kjønn og seksual orientering i Ungdata | 8 |
| Sentrale omgrep | 9 |
| Samandrag | 10 |
| Gut, jente eller..... | 10 |
| Ein av ti er skeiv..... | 10 |
| Psykisk helse og livskvalitet..... | 10 |
| Vestland ein bra plass å bu | 11 |
| Utanforskap og samfunnsdeltaking | 11 |
| Korleis har skeiv ungdom i Vestland det? | 13 |
| Kjønnsidentitet og seksuell orientering | 14 |
| Livskvalitet..... | 15 |
| Familie og venner | 18 |
| Skule og framtid | 21 |
| Lokalmiljøet | 24 |
| Skjerm og sosiale medium..... | 28 |
| Organisert fritid, trening og fysisk aktivitet | 31 |
| Samfunnsengasjement..... | 34 |

| | |
|-------------------------------------|-----------|
| Helse og psykisk helse | 35 |
| Mobbing og trakassering..... | 40 |
| Rusmiddel..... | 43 |
| Tilbakemelding på undersøkinga..... | 46 |
| Kjelder..... | 47 |
| Figuroversikt | 48 |

Innleiing

Vestlandsanalyse 2024/02 er eit kunnskapsgrunnlag som med utgangspunkt i Ungdata-undersøkinga frå 2024 beskriv korleis skeiv ungdom i Vestland har det og korleis dei trivst i nærmiljøet sitt.

Kvifor

Kunnskap om systematiske skilnadar og ulik tilgang til god helse og levekår med bakgrunn i kjønnsidentitet og seksuell orientering, i tillegg til etnisk og nasjonal bakgrunn, økonomi, funksjonsevne og alder¹ er viktig for å bidra til eit inkluderande og rettferdig samfunn med like moglegheiter for alle². Når vi har kunnskap om at vi alle er ulike og vi er medvetne om kva denne ulikskapen går ut på, kan vi i større grad bidra til eit inkluderande samfunn³.

Vestland fylkeskommune har i Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 eit mål om at «Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket»⁴.

Kunnskapsgrunnlaget er laget etter vedtak i fylkesutvalet om kompetanseheving innanfor kjønns- og seksualitetsmangfald (PS 95/2024).

¹ Kronikk «Hva betyr det egentlig at «ikke-skeive» har bedre livskvalitet enn skeive»? forskersonen.no

² Likestillingssenteret

³ Mangfoldskompetanse – Nasjonal digital læringsarena

⁴ Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, Regional planstrategi – Forslag til høyring og offentleg ettersyn.

Kva veit vi frå før

Det finnes frå før lite kvantitativ data om skeive i Vestland sin helse og livskvalitet, men det finnes kunnskap på nasjonalt nivå og frå andre fylka, til dømes:

- *Elevundersøkinga 2023* visar at elevane som kryssar av for kjønnskategorien «anna» skårar mykje lågare på alle læringsmiljøindeksane. Dei opplever også meir mobbing enn elevar som karakteriserer seg som jente eller gut⁵.
- *Ung i Oslo i 2023* viser at ungdom med annan seksuell orientering enn heterofil er mindre tilfreds med livet enn dei som er heterofile⁶.
- *Folkehelseundersøkinga 2023 i Innlandet* viser skilnader i livstilfredsheit, helse og trivsel etter seksuell orientering⁷.
- *Livskvalitetsundersøkinga 2022/2023* viser at ikkje-heterofile har lågare livskvalitet og dårlegare levekår. Undersøkinga viser at ulike utfall varierer mellom gruppa med ulike seksuell orientering⁸.
- Ein *SINTEF analyse frå 2020* av 200.000 spørsmål og svar frå nettstaden Ung.no viser at mange barn og unge i dag er usikker på eiga seksuell orientering, og det blir uttrykt ei uvisse eller frykt for å vera skeiv. Det var og observert ein del minoritetsutfordringar knytt til religion og etnisitet og det å vere skeiv⁹.
- *Nasjonal tryggleiksundersøking 2020* viser at om lag 15 prosent av ikkje-heterofile svaret at dei hadde opplevd hatkriminalitet¹⁰.
- *Levekår blant skeive med innvandringsbakgrunn i Norge 2018* viser at dei som har fleire minoritetsstatusar ofte blir utsett for diskriminering på fleire grunnlag, altså ein såkalla samansett eller dobbel diskriminering. Dette gjer utslag i dårlegare scoring når det gjeld levekår, sjølvmondsforsøk og einsamheit¹¹.

⁵ Wendelborg, C. og Dahl, T. (2024). Elevundersøkelsen 2023- Analyse av Elevundersøkelsen skoleåret 2023/24. NTNU Samfunnsforskning. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/2024/elevundersokelsen-2023-hovedrapporten/>

⁶ Bakken, A. (2023). Ung i Oslo 2023. Ungdomsskolen og videregående. NOVA-rapport 6/23. Oslo: NOVA, OsloMet (oda.oslomet.no) <https://www.oslomet.no/forskning/forskningsnyheter/ikke-heterofile-mindre-tilfreds-med-livet>

⁷ <https://www.innlandsstatistikk.no/nyheter/nye-data-om-skeives-helse-og-livskvalitet-i-innlandet.50642.aspx>

⁸ Arnese, HS. (2024). Levere livskvalitet blant ikke-heterofile. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/levekar/artikler/lavere-livskvalitet-blant-ikke-heterofile>

⁹ Lassemo, E., Sand, K. & Tøndel, G. (2020) Rapport: Kartlegging spørsmål frå lhbtq-ungdom, ung.no. SINTEF. <https://www.sintef.no/siste-nytt/2020/de-unge-er-fremdeles-redde-for-a-vare-skeive/>

¹⁰ Løvgren, M., Høgestøl, A. & Kotsadam, A. (2022). Nasjonal trygghetsundersøkelse 2020. NOVA Rapport 2/22. Oslo: NOVA, OsloMet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-trygghetsundersokelse-2020/id2898765/>

¹¹ Eggebø, H. Stubberud, E. og Karlstrøm, H. (2018). Levekår blant skeive med innvandrerbakgrunn i Norge. Bodø: Nordlandsforskning. <https://www.nordlandsforskning.no/nb/publikasjoner/report/levekar-blant-skeive-med-innvandrerbakgrunn-i-norge>

Korleis

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeida med utgangspunkt i resultat frå Ungdata-undersøkinga i Vestland 2024.

Vestnorsk kunnskapssenter for kjønns- og seksualitetsmangfald har bidraget med sitat frå ungdommar. Sitata sett tala i perspektiv og gjer eit kvalitativt innblikk korleis nokon av ungdommane bak tala opplever sin kvardag.

Ungdata i Vestland 2024

Det er 13 203 elever i vidaregåande skule som har svart på undersøkinga¹². Det var ein samla svarprosent for vidaregåande skule i Vestland på 69 %. Totalt deltok 42 fylkeskommunale vidaregåande skular og 5 private vidaregåande skular.

Hovudresultata frå undersøkinga er presentert i nøkkeltalsrapportar utarbeida av Ungdatasenteret v/ Velferdsforskningsinstituttet NOVA, OsloMet Storbyuniversitet, i samarbeid med KoRus Vest Bergen. Nøkkeltalsrapportane for Vestland er tilgjengeleg på fylkeskommune sin nettside¹³.

Kva er Ungdata?

Ungdata er lokale barne- og ungdomsundersøkingar der skuleelevar over heile landet svarer på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei driv med på fritida. Ungdata-undersøkinga omfattar spørsmål om foreldre, venner, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivsel. På ungdomstrinnet og i vidaregåande skule er det òg med spørsmål om rusmiddelbruk, seksualitet, risikoåtferd og vald¹⁴.

Ungdata-undersøkinga er gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet i samarbeid med dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus). Ungdata er finansiert over statsbudsjettet gjennom tilskot frå Helsedirektoratet.

Undersøkinga i Vestland er eit samarbeid mellom NOVA ved OsloMet, KoRus Vest Bergen, Vestland fylkeskommune og kommunane i fylket.

Vestland fylkeskommune er ansvarleg for analysar eller fortolkingar av resultatata i dette kunnskapsgrunnlag.

¹² Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

¹³ <http://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/ungdata-2021/>

¹⁴ www.ungdata.no

Kjønn og seksual orientering i Ungdata

I spørjeskjema frå 2024 blir ungdom spurt: «*Er du gut eller jente?*». Det er tre svaralternativ på dette spørsmål: «*Gut*», «*Jente*» og «*Annan kjønnsidentitet*». I Ungdata sine nøkkeltalsrapportar blir det presentert resultat for gutter og jenter, men ikkje for dei som har svart «*Annan kjønnsidentitet*».

I spørjeskjema frå 2024 er det for første gong i Vestland spørsmål om seksual orientering til elevar i vidaregåande skule. Ungdom blir spurt: «*Det finnes et mangfold av seksuelle orienteringar. Kva for ein av de under passer best for deg?*». Det er seks svaralternativ på dette spørsmål: «*Heterofil*», «*Homofil/lesbisk*», «*Bifil*», «*Andre seksuelle orienteringar (til døme panfil, skeiv, aseksuell, flytande)*», «*Usikker/søkande*» og «*Ønsker ikkje svare*». Resultat frå dette spørsmål er ikkje med i Ungdata sine nøkkeltalsrapportar.

På bestilling frå Vestland fylkeskommune har Rambøll levert ein spesialrapport som presenterer resultat frå Ungdata Vestland 2024 delt på seksuell orientering. Utvalde resultat frå spesialrapporten er testa for statistisk signifikans¹⁵ og presentert i dette kunnskapsgrunnlag.

Resultata er delt i to grupper. Ei gruppe for dei som har svara «*Heterofil*» og ei gruppe for dei som har svara «*Homofil/lesbisk*», «*Bifil*», «*Andre seksuelle orienteringar (til døme panfil, skeiv, aseksuell, flytande)*» eller «*Usikker/søkande*». I dette kunnskapsgrunnlag nyttar vi «*skeiv*» som samleomgrep for denne gruppe. «*Skeiv*» er eit kort og lett omgrep å bruke, og største delen av gruppa synes dette er eit positivt omgrep. Resultat frå dei som har svara «*Ønsker ikkje svare*» er ikkje med i dette kunnskapsgrunnlaget.

¹⁵ Vi har nytta berekningsverktøyet Zigne til å teste for statistisk signifikans og berekne usikkerheitsintervall i og mellom grupper. Vi har nytta 5 prosentnivå, klyngeutval, tosidig test og vis signifikanstekst. (Zigne, Aardal & Berglund, 2021, <https://aardal.info/zigne-hva-er-signifikanstesting/>)

Sentrale omgrep

I det følgjande presenterer me ulike omgrep for kjønns- og seksualitetsmangfald. Me har brukt ordliste på fri. Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold¹⁶ og SkeivUngdom¹⁷ sine nettsider.

- **Skeiv**

Skeiv blir ofte brukt som ei samlenemning for alle som bryt med normer for kjønn og seksualitet. Skeiv kan også vera eit synonym til 'homofil'. Ein del homofile og lesbiske ønskjer ikkje at nemninga 'skeiv' skal brukast om dei, og det er tryggare å bruka lhbt/lhbtqi/lhbt+.

- **Lhbt**

Lhbt er eit omgrep som blir brukt for gruppa lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. Det er også vanlig å inkludere intersex og skeive i denne gruppa, og da blir forkortelsen lhbtqi. 'Q' står for queer som er den engelske varianten av skeiv.

Det er etter kvart eit stort mangfald av identitetskategoriar som høyrer inn under gruppa av dei som bryt med normer for kjønn og seksualitet, og nokon vel å omtala gruppa som lhbtqi+ for å synleggjera at alle er inkluderte.

- **Personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet**

Dette er den mest presise og minst ekskluderande nemninga ein kan bruka for å omtala denne gruppa.

- **Kjønnsidentitet**

Kva kjønn ein sjølv kjenner at ein er. Ein kan t.d. oppleve å vera kvinne, mann, ein stad midt i mellom, eller at det varierer kva kjønn ein kjenner seg som. Ein treng heller ikkje oppleve seg sjølv som eit bestemt kjønn. Kva kropp me er fødde med avgjer ikkje kva kjønn me opplever oss som.

- **Seksuell orientering**

Seksuell orientering, eller seksuell legning, handlar om kva ord ein bruker når ein skal beskriva sin eigen seksualitet. Ein kan omtala seg sjølv som homofil, bifil, panfil, lesbisk, aseksuell, heterofil, skeiv eller med andre omgrep som ein kjenner passar. Ein kan også velja å ikkje plassera seksualiteten sin i ein kategori. Korleis ein identifiserer seg er opp til ein sjølv, og ingen andre.

¹⁶ <https://foreningenfri.no/informasjon/begreper/>

¹⁷ <https://skeivungdom.no/skeiv-a-a/>

Samandrag

Denne rapport viser at det på fleire område er skilnad mellom skeiv ungdom og heterofil ungdom på vidaregåande skule i Vestland. Skilnadar som kan ha store konsekvensar for ungdommen sin framtid, og skilnadar som kan medverke til utanforskap.

Gut, jente eller..

De aller fleste ungdom på vidaregåande skule i Vestland identifiserer seg som gut eller jente. I denne rapport har vi sett på skilnadar mellom gutter og jenter, men det er likevel verd å merke seg at 1,6 % (195 elevlar) kryss av i svarkategorien «Annan kjønnsidentitet». Det er med andre ord ikkje alle som passer inn i tokjønnsmodellen.

Ein av ti er skeiv

I vidaregåande skule i Vestland er det 1 219 ungdom som identifiserer seg som skeiv, det svarer til 10 % av elevane. Seksuell orientering handlar om kva ord ein bruker når ein skal beskriva sin eigen seksualitet. Korleis ein identifiserer seg er opp til ein sjølv, og ingen andre. 41 % av ungdom i Vestland som identifiserer seg sjølv som bifil, 25,4 % er usikker/søkande, 19,6 % identifiserer seg sjølv med andre seksuelle orienteringar (til døme panfil, skeiv, aseksuell, flytande) og 13,9 % identifiserer seg sjølv homofil/lesbisk.

Det er fleire jenter som identifiserer seg sjølv som skeiv (12 %) enn gutar (5,8 %). Dette må ein vere merksam på i tolking av resultat.

Psykisk helse og livskvalitet

Kunnskap på nasjonalt nivå og frå andre fylka har vist at skeive er mindre fornøgde med livet og har dårlegare psykisk helse enn dei som er heterofile. Denne rapport bekreftar at dette også gjeld for elevlar i vidaregåande skule i Vestland.

Det store fleirtalet av ungdom har det godt. Samstundes er det tydeleg skilnad i korleis gutar og jenter, og skeive og heterofile svarer på ei rekke spørsmål om livskvalitet.

- 68 % av skeiv ungdom svarer at dei er tilfreds med livet (85 % samla).
- 56 % av skeive svare at dei liker seg sjølv slik dei er (76 % samla).
- 46 % av skeiv ungdom i Vestland trur dei vil få eit godt og lykkeleg liv (73 % samla).

Det er fleire gutar og fleire heterofile som ofte har vore glad, engasjert, hatt masse energi og kjent at dei meistarar ting. Det er fleire jenter enn gutar, og fleire skeive enn heterofile som svarte at dei ofte har psykiske plager. Jenter og skeive ligg på om lag same nivå på fleire variable for psykiske plager, men

skeive skil seg negativt ut når det gjeld å føle seg einsam, ulykkeleg, trist eller deprimert og håpløse tanke om framtida.

I løpet av den siste veka har 43 % av skeive følt seg einsam (25 % samla). 1 av 5 skeive svarer at dei ikkje har faste venner, det gjeld berre 1 av 10 heterofile. Fleire heterofile (80 %) enn skeive (68 %) har nokon å prate med dersom dei kjenner seg utanfor eller trist og treng ein å snakke med.

Det er fleire skeive (11 %) som blir ramma av mobbing av andre unge på skulen eller i fritida enn heterofile (5 %), og skeive opplever i større grad enn heterofile hatefulle ytringar retta mot kjønn, seksuell orientering og politiske meningar.

Vestland ein bra plass å bu

Rundt halvparten av ungdom (44 % samla) i Vestland kan tenke seg å bu i kommunen sin når dei blir vaksen, for skeiv ungdom er det berre 32 %.

Resultata viser at det er fleire heterofile (68 %) enn skeive (51 %) som er nøgde med lokalmiljøet sitt. Berre 62 % av skeiv ungdom trivast godt i nærområdet der dei bur, i samanlikning er det 82 % av heterofil som trivest godt. Det er mindre skeive enn heterofile som kjenner at ein høyrer til på staden ein bur, og det er fleire skeive enn heterofile som opplever nærområdet der ein bor som trygt å være i når ein er ute om kvelden.

Utanforskap og samfunnsdeltaking

I utfordringsdokument for Vestland 2024-2028¹⁸ er utanforskap trekt frem som ein av dei største samfunnsutfordringane vi har i Vestland i dag. Risikoen for å hamne utanfor arbeidslivet aukar med fråfall i vidaregåande opplæring. Samla sett trur 95 % av ungdommen at dei vil fullføre vidaregåande skule, men blant skeive er det litt lågare (89 %).

Resultata viser at det er markant mindre skeive (61 %) som kjenner at dei passar inn blant elevane på skulen (81 % samla). I tillegg er det 38 % av skeive som ofte gruer seg til å gå på skulen (26 % samla). Dette gjer skeiv ungdom meir sårbar for å slutte med vidaregåande opplæring.

Å delta i demokratiet, i aktivitetar på fritida, i sivilorganisasjonar og i avgjerdsprosessar som påverkar livet og omgjevnadane er viktige for livskvalitet og helse og påverkar deltaking i utdanning og arbeidsliv.

Det er difor positivt at det er fleire skeive (45 %) som er interessert i politikk og samfunns spørsmål enn blant heterofile (30 %). Det kjem til uttrykk at fleire skeive er aktive i eit ungdomsparti eller annan politisk organisasjon, og at det er markant fleire skeive som har delteke på politiske markeringar.

Resultata viser at dei aller fleste barn og unge har delteke i eller vore innom ulike typar organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten. Men det er fleire skeive (16 %) enn for heterofile (9 %) som aldri har vore med.

Det er skilnad på kva type faste fritidsaktivitetar som skeive og heterofil deltar i. Skeive deltek meir enn heterofile i kulturskule/musikkskule, korps, kor, orkester og annan organisasjon, lag eller

¹⁸ [Utfordringsdokument for Vestland \(arcgis.com\)](#)

foreining. Det er markant mindre skeive (24 %) enn heterofile (44 %) som har vore med på aktivitetar i eit idrettslag, og det er mindre skeive som synes tilbodet av idrettsanlegg er bra samanlikna med heterofile.

Ein hypotese er at idretten sitt tradisjonelle fokus på gutelag og jentelag, og omkloding for gutter og jenter gjer det mindre inkluderande for personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet. I samanlikning er kjønn mindre viktig når ein spiller i korps eller synger i kor.

Korleis har skeiv ungdom i Vestland det?

I det følgande presenterer vi utvalde resultat frå ungdatabesetjinga 2024 for vidaregåande skule i Vestland. Resultat er presentert for gruppa skeiv og heterofil, gut og jente og samla.

Resultata er delt inn i ulike tema:

- Kjønnssidentitet og seksuell orientering
- Livskvalitet
- Familie og venner
- Skule og framtid
- Lokalmiljøet
- Skjerm og sosiale medium
- Organisert fritid, trening og fysisk aktivitet
- Samfunnsengasjement
- Helse og psykisk helse
- Mobbing og trakassering
- Rusmiddel
- Tilbakemelding på undersetjinga

Kjønnsidentitet og seksuell orientering

De aller fleste ungdom på vidaregåande skule i Vestland identifiserer seg som gut eller jente, men det er likevel 1,6 % (195 elevar) som kryss av i svarkategorien «Annan kjønnsidentitet». Dette nivå er tilsvarende elevundersøkinga frå 2023, kor 2 % av det nasjonale utval krysset av for kjønnskategorien «annet»¹⁹.

På spørsmål om seksuell orientering er det 85 % (10 469 elevar) som identifiserer seg som heterofil og 10 % (1 219 elevar) som identifiserer seg som skeiv²⁰. Det 5 % (618 elevar) som ikkje ønsker å svare på spørsmålet.

Det er fleire jenter som identifiserer seg sjølv som skeiv (12 %) enn gutar (5,8 %). Blant dei som har identifisert seg med annan kjønnsidentitet er det heile 64 % (125 elevar) som identifiserer seg sjølv som skeiv.

Tabell 1: Fordeling av svar på spørsmålet «Er du gut eller jente?».

| | Gut | Jente | Annan kjønns-identitet | I alt |
|--------------------|-------------------|-------------------|------------------------|---------------------|
| Heterofil | 88,8 % (5 199) | 83,3 % (5 211) | 30,3 % (59) | 85,1 % (10 469) |
| Skeiv | 5,8 % (342) | 12,0 % (752) | 64,1 % (125) | 9,9 % (1 219) |
| Ønsker ikkje svare | 5,4 % (314) | 4,7 % (293) | 5,6 % (11) | 5,0 % (618) |
| I alt | 47,6 % (5 855) | 50,8 % (6 256) | 1,6 % (195) | 100,0 % (12 306) |

Blant skeiv ungdom er det flest som identifiserer seg sjølv som bifil (41 %). 25,4 % er usikker/søkande, 19,6 % identifiserer seg sjølv med andre seksuelle orienteringar (til døme panfil, skeiv, aseksuell, flytande) og 13,9 % identifiserer seg sjølv homofil/lesbisk.

Tabell 2: Fordeling av svar på spørsmålet «Det finnes et mangfold av seksuelle orienteringar. Kva for ein av de under passer best for deg?». Viser svar frå de som er i gruppa «skeiv».

| | |
|---|-----------------|
| Bifil | 41,1 % (501) |
| Usikker/søkande | 25,4 % (310) |
| Andre seksuelle orienteringar (til døme panfil, skeiv, aseksuell, flytande) | 19,6 % (239) |
| Homofil/lesbisk | 13,9 % (169) |
| I alt | 100,0 % (1 219) |

¹⁹ Wendelborg, C. og Dahl, T. (2024). Elevundersøkelsen 2023- Analyse av Elevundersøkelsen skoleåret 2023/24. NTNU Samfunnsforskning. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/2024/elevundersokelsen-2023-hovedrapporten/>

²⁰ «Homofil/lesbisk», «Bifil», «Andre seksuelle orienteringar (til døme panfil, skeiv, aseksuell, flytande)» eller «Usikker/søkande».


Livskvalitet

Livskvalitet handlar om det som gjer livet godt å leve og har både materielle og subjektive sider. Livskvalitet kan målast på ulike måtar. I Ungdata får ungdommane eit heilt generelt spørsmål om kor tilfredse dei er med det livet dei lever. Ungdommane får òg spørsmål om positive tankar og kjensler²¹.

Ungdata viser at det store fleirtalet av ungdom har det godt. Samstundes finst det òg ein del ungdommar som gjev uttrykk for at ikkje alt er like greitt. Det er tydeleg skilnad i korleis gutar og jenter, og skeive og heterofile svarer på ei rekke spørsmål om livskvalitet.


Til dømes er det fleire gutar og fleire heterofile som ofte har vore glad, engasjert, hatt masse energi og kjent at dei meistrar ting. For skeive er det berre om lag 30 % som heile tida eller ofte i løpet av den siste uka som har hatt masse energi, vore optimistisk om framtida, kjend seg nyttig og kjend at dei meistrar. For heterofile er same tala om lag 50 %.

²¹ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen




Figur 1: Tenk på korleis du har hatt det den siste uka, kvar ofte har du... (Prosentandel som har svart 'heile tida' eller 'ofte').

Ung i Oslo i 2023 viser at ungdom med annan seksuell orientering enn heterofil er mindre tilfreds med livet enn dei som er heterofile²². Same bilde ser vi i Vestland, der 68 % av skeiv ungdom svarer at dei er tilfreds med livet, i samanlikning svarer heile 85 % av alle ungdom samla at dei er tilfreds med livet.



Figur 2: Tenk deg ein skala som går 0 til 10. Toppen av skalaen (10) står for det best moglege livet for deg og nedst (0) er det verst moglege livet for deg. Generelt sett, kor står du på denne skalaen no for tida? (Prosentdel som har svart svaralternativ '6' eller høigare.

56 % av skeive svare at dei liker seg sjølv slik dei er, i samanlikning svarer heile 76 % av alle ungdom samla at dei liker seg sjølv slik dei er.



Figur 3: Er du samd eller usamd i det som står under? (Prosentdel som har svart 'heilt samd' eller 'litt samd').

²² Bakken, A. (2023). Ung i Oslo 2023. Ungdomsskolen og vidaregående. NOVA-rapport 6/23. Oslo: NOVA, OsloMet (oda.oslomet.no) <https://www.oslomet.no/forskning/forskningsnyheter/ikke-heterofile-mindre-tilfreds-med-livet>

Familie og venner

Ein stor del av barndommen og ungdomstida går føre seg i barnehage, skula og ulike fritidsordningar, likevel er foreldra og dei næraste føresette framleis dei viktigaste omsorgspersonane i oppveksten. Studiar tyder på at foreldra har mykje å seie for dei unge sine utdanningsval og fritidsinteresser²³.

For dei fleste er venner på same alder ei kjelde til glede, støtte, samhøyr og stadfesting. Nokre trivst godt med éin eller to venner, og andre er opptekne av å ha ein stor vennegjeng. Venner er viktige for utviklinga av sjølvbilete og sosial kompetanse. Å ha venner er viktig fordi det gjæv ei oppleving av å vere godteken. Kva venner ein har markerer tilhøyrslø og siger òg noko om kven ein er²⁴.


Dei fleste ungdommar i dag har eit tillitsfullt og nært forhold til foreldra sine²⁵. Ungdata viser at svært mange ungdom (94 % samla) opplever at foreldra har god oversikt over kva dei gjer i fritida og kven dei er saman med. For skeiv ungdom er tala litt lågare (87 %).

Resultat viser at 29 % av skeiv ungdom og 25 % av gutter forsøker å holde mesteparten av fritida si skjult for sine foreldre. Det same tala er ein del lågare for heterofile (17 %) og for jenter (13 %).

²³ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

²⁴ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

²⁵ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen




Figur 4: Kor godt passar det som står under for foreldra dine eller føresette? (Prosentdel som har svart 'passar svært godt' eller 'passar ganske godt').

Sitat frå Tonje: «Da jeg fortalte moren min at jeg var trans sa hun: Jeg skulle ønske vi forstod det før, da kunne jeg kanskje vært en bedre mamma for deg.»


(Fra 71 bodies, teaser)

Berre halvparten av skeiv ungdom (53 %) har helt sikkert minst én venn som dei kan stola fullstendig på og kan betro seg til om alt muleg. 19 % av skeiv ungdom svarer at dei ikkje har faste venner, det er berre 10 % av heterofil som svare det same.



Figur 5: Har du minst én venn som du kan stola fullstendig på og kan fortru deg til om alt mogleg?

Generelt har ungdommen nokon å vere saman med på fritida (93 % samla) og i friminuttane på skulen (95 % samla), men delen er mindre for skeiv ungdom (82-88 %).



Figur 6: Har du nokon å vera saman med på fritida og i friminutta? (Prosentdel som har svart 'ja, alltid' eller 'ja, som regel').


Skule og framtid

Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men òg ein viktig arena for sosialt samvær²⁶.

Ungdata viser at dei fleste trivst på skulen (87 % samla), men for skeive er det litt færre som trivst på skulen (78 %). Det er og markant mindre skeive (61 %) som kjenner at dei passar inn blant elevane på skulen (81 % samla). Samla er det 26 % som gruer seg ofte til å gå på skulen, for skeive er dette tala helt opp på 38 %.

Dei fleste ungdom (83 % samla) meiner at lærarane bryr seg om dei, og her er det ingen til liten skilnad mellom skeive og heterofil, og mellom gutter og jenter.

Det er ganske mange (76 % samla) som opplever skulen som kjedeleg, og her er det heller ikkje skilnad delt på kjønn og seksuell orientering.




Figur 7: Er du samd eller usamd i følgjande utsegn om korleis du har det på skulen? (Prosentdel som har svart 'heilt samd' eller 'litt samd').

²⁶ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

Samla sett blir 50 % av elevane i Vestland ofte stressa av skulearbeid. Positivt stress kan vere bra og hjelpe ungdommen med å fokusere på læringsoppgåvene. Samstundes kan stress vere negativ, særleg for dei som opplever vedvarande stress over tid og at gapet mellom eigne ambisjonar og det ein får til blir for stort²⁷.

Det er skilnad delt seksuell orientering, der 62 % av skeive ofte blir stressa samanlikna med 50 % av heterofile. Den største skilnad er mellom kjønna, der 67 % av jentene ofte blir stressa samanlikna med 32 % av gutane. Det er mogleg at ein del av årsaka til skilnaden delt på seksuell orientering er at det er fleire jenter som er skeiv.



Figur 8: Eg blir stressa av skulearbeid (Prosentdel som har svart "ofte" eller "svært ofte").

Ungdata viser at 95 % trur at dei vil fullføre vidaregåande skule, dette gjeld for både gutar, jenter og heterofile. Del av skeive som trur at dei vil fullføre vidaregåande skule er litt lågare (89 %).

Ein klar majoritet trur at dei kjem til å ta universitets- eller høgskuleutdanning, men denne delen er mindre for Vestland (60 %) enn for Noreg (70 %). Det er fleire jenter (70 %) enn gutar (50 %) som trur at dei kjem til å ta universitets- eller høgskuleutdanning²⁸. Det er og ein liten skilnad mellom skeive (57 %) og heterofile (62 %), men den er langt frå så stor som mellom kjønna.


Fram til 2015 var det ein nasjonal trend i retning av at stadig fleire unge trudde at dei ville komme til å ta høgare utdanning. Tala for dei siste åra tyder på at denne trenden er broten eller har flata ut blant elevane i vidaregåande opplæring²⁹.

Når vi ser på ungdommen sin tru på framtida, er den mest synleg skilnad at berre 46 % av skeiv ungdom trur dei vil få eit godt og lykkeleg liv, i samanlikna trur 73 % av heterofil på eit godt og lykkeleg liv.

²⁷ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

²⁸ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

²⁹ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen



Figur 9: Korleis trur du at framtida di vil bli? Trur du at du ... (Prosentdel som har svart "ja").

Sitat frå Levi: «Jeg synes det er så fint å se eldre transfolk. Se at vi overlever. Det er en forferdelig statistikk knyttet til transfolk når det gjelder både psykisk uhelse og selvmordsforsøk. Derfor er det viktig at vi er synlige og at vi tar kampen.»


(Fra åpningen av Regnbuedagene 2024, Transliv)

Lokalmiljøet

Ulike lokalmiljø kan gje ulike moglegheiter til å utfalde seg og ha sosialt samvær. Tilbodet av organisasjonar, fritids- og kulturtilbod påverkar korleis kvar einiskild kan skape identitet og tilhøyrslø i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil òg vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering i framtida. Trygge og sunne lokalmiljø er særleg viktige for velferda til barn og unge, sidan dei som regel bruker lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra og andre vaksne³⁰.


Ungdata viser at ungdommar flest i Vestland er ganske eller særst godt nøgde med lokalmiljøet sitt (66 % samla). Men det finst òg ein del som ikkje er så godt nøgde. Det er fleire gutter (71 %) enn jenter (62 %), og fleire heterofile (68 %) enn skeive (51 %) som er nøgde med lokalmiljøet sitt.

Berre 62 % av skeiv ungdom trivest godt i nærområdet der dei bur, i samanlikning er det 82 % av heterofil som trivest godt. Det er og fleire gutter (84 %) enn jenter (75 %) som trivest godt i nærområdet der dei bur.




Figur 10: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart "litt fornøgd" eller "svært fornøgd").

³⁰ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen



Figur 11: Kor godt trivst du i nærområdet der du bur?

På spørsmålet om i kva grad ein kjenner at ein høyrer til på staden ein bur, svarar 66 % av skeive at dei høyrer til, i samanlikning til 87 % blant heterofile. Skilnaden mellom kjønn er mykje mindre, 88 % for gutter og 81 % for jenter.




Figur 12: I kva grad kjenner du at du høyrer til på staden der du bur? (Prosentdel som har svart svaralternativ '6' eller høigare).

Kva ungdommen er nøgd og misnøgd med, varierer mykje frå kommune til kommune. Dette viser at kommunane kan gjere mykje for å leggje til rette for at ungdommen skal trivast. Samla for Vestland er ungdommane mest nøgde med idrettsanlegg (69 % synes tilbodet er bra). Her er det ingen skilnad mellom kjønn, men det er stor skilnad mellom skeive (58 % synes tilbodet er bra) og heterofile (71 % synes tilbodet er bra).

Når det gjeld lokale der ein kan treffe andre unge på fritida synes 37 % synes tilbodet er bra. Her er det ingen skilnad mellom seksuell orientering, men det er skilnad mellom gutter (42 %) og jenter (32 %).


Når det gjeld kulturtilbodet (kino, konsertscener, bibliotek eller likande) er det ikkje skilnad mellom seksuell orientering og mellom kjønna. Om lag 50 % synes dette tilbod er bra.



Figur 13: Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld ... (Prosentdel som har svart "svært bra" eller "nokså bra").


Når det gjeld å oppleve nærområdet der ein bor som trygt å være i når ein er ute om kvelden, er det stor skilnad på kor mange som kjenner at området er «svært trygt» både mellom gutter (69 %) og jenter (41 %), og mellom skeive (39 %) og heterofile (57 %).

Sitat frå Iben: «Noen ganger blir jeg så sliten av å være den eneste åpne transungdommen i kommunen min. ALLE vet hvem jeg er, og jeg føler at jeg blir målt bare jeg går på butikken. Jeg må på en måte stå på scenen hver dag, og alltid prestere bra.»
(Fortalt på SOFO-pride 2023)



Figur 14: Når du er ute om kvelden, opplever du det som trygt å vera i nærområdet der du bur?

Rundt halvparten av ungdom (44 % samla) i Vestland kan tenke seg å bu i kommunen sin når dei blir vaksen, for skeiv ungdom er det berre 32 %.




Figur 15: Kan du tenkja deg å bu i kommunen din når du blir vaksen?

Skjerm og sosiale medium

Ungdata viser at digitale medium i dag spelar ei sentral rolle i ungdommen sitt kvardagsliv, både for skulearbeid og det sosiale livet. Skjerm og sosiale medium er ein viktig sosial arena for ungdom. Sjølv om mange bruker mykje av fritida si på digitale skjermaktivitetar, er det òg stor variasjon mellom ungdommar. Nokre få bruker mindre enn éin time kvar dag framfor ein skjerm, medan tre av fire bruker meir enn tre timar. Prosentdelen unge som bruker minst tre timar framfor ein skjerm har gått opp sidan 2015. Auken heng saman med at stadig fleire bruker mykje tid på sosiale medium. Sosiale medium har gjæve ungdom ein ny arena å vere saman på. Ungdommane deler informasjon og opplysningar om liva sine, kva dei gjer og kven dei er saman med, på ein annan måte enn foreldra deira gjorde. Dette har endra vilkåra for og forma på samvær med venner³¹.


Ungdata viser at det er skilnader i ungdommen sine skjermaktivitetar. Sosiale medium er den absolutt mest populære skjermaktivitet, heile 59 % av vidaregåande skuleelevar i Vestland bruker i gjennomsnitt sosiale medium 2 timer eller meir kvar dag. Jenter (69 %) bruker sosiale medium meir enn gutar (47 %), og heterofile (60 %) meir enn skeive (53 %). Gutar (34 %) er mykje meir opptekne av dataspel/TV-spel enn jenter (6 %), og skeive er meir opptekne av både dataspel/TV-spel og spel på mobil/nettbrett enn heterofile. Skeive bruker òg meir tid enn heterofile på å sjå på filmar/seriar/Youtube og lese bøker.

³¹ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen



Figur 16: Tenk på ein gjennomsnittsdag. Kor lang tid bruker du på følgjande: (Prosentdel som har svart "2-3 timar" eller fleire).

Det er tydeleg at skeive bruker meir skjerm enn heterofile på ein rekke aktivitetar. I tillegg er skeive er i mindre grad enn heterofile saman med venner i fritida sin, sjå Figur 17. Ein hypotese er at skeive i større grad finner digitale univers og fellesskapar kor dei i større grad passer inn enn i lokalmiljøet sitt.




Figur 17: Her blir det nemnt ein del aktivitetar som du kan bruka fritida di til. Tenk tilbake på den siste veka (dei siste 7 dagane). Kor mange gonger har du ... (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire).

Organisert fritid, trening og fysisk aktivitet

Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arenaer for samvær med andre unge og gjev andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen og meir uformelle situasjonar. På sitt beste gjev organisasjonane gode og varierte opplevingar og gjev ungdommen moglegheiter til å utvikle evnene sine og trening i å fungere i ein fellesskap, ytre eigne meiningar og jobbe målretta³².

Ungdata viser at dei aller fleste barn og unge har delteke i eller vore innom ulike typar organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten. Berre 11 % aldri har vore med. Dette talet er større for skeive (16 %) enn for heterofile (9 %), men det er lite skilnad mellom gutter (12 %) og jenter (10 %).




Figur 18: Er du, eller har du tidlegare vore, med i nokon organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte 10 år?

Nokon er innom i kort tid, andre vel å slutte i ungdomsåra og andre held på langt inn i tenåra og vaksenlivet. Nasjonale tal frå Ungdata viser at det frå rundt 2018 har vore ein markert nedgang i delen som seier at dei er med på organiserte fritidsaktivitetar. Pandemien medverka noko til nedgangen³³.

³² Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

³³ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen.


Ungdata viser skilnad på kva type faste fritidsaktivitetar som skeive og heterofil deltar i. Det er markant mindre skeive (24 %) enn heterofile (44 %) som har vore med på aktivitetar i eit idrettslag. Skeive deltek meir enn heterofile i kulturskule/musikkskule, korps, kor, orkester og annan organisasjon, lag eller foreining. Ein ser ikkje den same store skilnaden delt på kjønn.



Figur 19: Kor mange gonger den siste månaden har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i følgjande organisasjonar, klubbar eller lag? (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire).

Ungdata viser at dei fleste ungdommar trener, men det er stor variasjon i kva for treningsaktivitetar dei driv med. Det er ikkje skilnad mellom kor mange gutter og jenter, og skeive og heterofile som trener på


eiga hand, men det er markant fleire heterofile enn skeive, og fleire gutter enn jenter som trener i idrettslag og på treningsstudio, sjå Figur 20.




Figur 20: Kor ofte trenar du eller driv du med følgjande aktivitetar? (Prosentdel som har svart 'éin gong i veka' eller oftare).

Samfunnsengasjement


Det er fleire skeive (45 %) som er interessert i politikk og samfunns spørsmål enn blant heterofile (30 %). Det kjem til uttrykk at fleire skeive er aktive i eit ungdomsparti eller annan politisk organisasjon, sjå Figur 22. Det markant fleire skeive (57 %) er bekymra for klimaendringar enn heterofile (28 %), og det er markant fleire skeive (32 %) som har delteke på politiske markeringar enn heterofile (12 %).



Figur 21: Kor interessert er du i politikk og samfunns spørsmål? (Prosentdel som har svart 'svært interessert' eller 'ganske interessert').



Figur 22: Har du gjort, eller vore med på, nokon av dei aktivitetane som er nemnde under? (Prosentdel som har svart 'ja').




Figur 23: I kva grad bekymrar du deg for klimaendringar? (Prosentdel som har svart 'ganske bekymra' eller 'veldig bekymra').

Helse og psykisk helse

Ungdomstida er ein periode med store forandringar, både kroppsleg og mentalt. Puberteten er ein tid der mange bynja å få kjensler overfor seg sjølve og andre som dei ikkje hadde som barn. For mange er dette ei spennande tid der dei får nye erfaringar, utviklar seg sosialt og prøver ut ting dei aldri har gjort før. Samstundes er tenåra ein periode der stadig fleire opplever ulike former for psykiske helseplager, og der vonde tankar og kjensler vil kunne prege korleis dei fungerer i kvardagslivet. Det er generelt større fokus på helse i dag enn tidlegare, samstundes har vi sannsynlegvis blitt flinkare til å kjenne etter korleis vi har det, og dette kan påverke korleis ein vurderer sin eigen helsesituasjon³⁴.


Ungdata viser at mange unge er nøgde med si eiga helse, men det er fleire gutar (70 %) enn jenter (56 %), og fleire heterofile (65 %) enn skeive (38 %) som svarte at dei er nøgde med eiga helse. Blant skeive er det minst som er fornøgd med helsa si.

³⁴ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen



Figur 24: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart 'litt fornøgd' eller 'svært fornøgd').


Det er fleire jenter enn gutar, og fleire skeive enn heterofile som svarte at dei har problem med å sovne og at dei har vore så søvnig/trøyt at det har gått ut over skule eller fritid, sjå Figur 25.




Figur 25: I løpet av den siste veka (dei siste 7 dagane), kor mange dagar har du ... (Prosentdel som har svart '3 dagar eller fleire').

Det er fleire jenter enn gutar, og fleire skeive enn heterofile som svarte at dei ofte har hovudverk, andre fysiske og psykiske plager, sjå Figur 26 og Figur 27.

Jenter og skeive ligg på om lag same nivå på fleire variable for psykiske plager, men skeive skil seg negativt ut når det gjeld å føle seg einsam, ulykkeleg, trist eller deprimert og håpløse tanke om framtida.




Figur 26: Har du hatt nokon av desse plagene i løpet av siste månad? (Prosentdel som har svart 'mange gonger' eller 'dagleg').




Figur 27: Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette: (Prosentdel som har svart 'ganske mykje plaga' eller 'veldig mykje plaga').

Fleire heterofile (80 %) enn skeive (68 %) har nokon å prate med dersom dei kjenner seg utanfor eller trist og treng ein å snakke med.




Figur 28: Dersom du kjenner deg utanfor eller trist og treng ein å snakka med, har du nokon du kan prata med (Prosentdel som har svart 'Ja').

Om lag 30 % av alle elevar i vidaregåande skule har i løpet av det siste året brukt helsesjukepleiar på skulen og 16 % har brukt helsestasjon for ungdom. Jenter bruker tilbod meir enn gutar, og skeive bruker tilbod meir enn heterofile.



Figur 29: Kor mange gonger har du brukt følgjande helsetenester dei siste 12 månadene? (Prosentdel som har svart 'minst ein gong').

Om lag halvparten av elevar i vidaregåande skule i Vestland opplever at helsesjukepleier er tilgjengeleg når dei treng hjelp, tala er litt lågare for skeive (37 %).



Figur 30: I kva grad er helsesjukepleiar (helsesøster eller helsebror) tilgjengeleg når du treng hjelp? (Prosentdel som har svart 'i svært stor grad' eller 'i nokså stor grad'). Spørsmålet er berre stilt til dei som har svart 'ja' på at det finst ei helsesøster/-sjukepleiar på skulen.


Sitat frå Mattis: «Det har hatt veldig mye å si for meg å få behandling. Jeg har mye mer plass i hodet nå enn før. Utrolig mye mer plass og det er veldig deilig. Jeg kan tenke. Så nå studerer jeg. Og for ikke så lenge siden var jeg med på å lede en trans-samtalegruppe selv.»

(Fra åpningen av Regnbuedagene 2024, Transliv)

Mobbing og trakassering


Det er heldigvis ein mindre del av ungdommen som opplever mobbing og trakassering.

Når vi ser på skilnadar mellom kjønn og seksuell orientering er det flest skeive (11 %) som blir ramma av mobbing (plaging, truslar eller utfrysing) av andre unge på skulen eller i fritida.




Figur 31: Blir du sjølv utsett for plaging, truslar eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?

Når vi ser på hatefulle ytringar retta mot gutter og jenter, er det mest utbreidd at jenter opplever hatefulle ytringar retta kjønn (16 %). Når vi ser på hatefulle ytringar retta mot skeive og heterofile, er det mest utbreidd at skeive opplever hatefulle ytringar retta kjønn (28 %), seksuell orientering (24%) og politiske meningar (16%).



Figur 32: Tenk på det siste året. Har du opplevd å få hatefulle eller truande kommentarar retta mot ... (Prosentdel som har opplevd hatefulle eller truande kommentarar 'av og til' eller oftare).


Når det gjeld seksuell trakassering retta mot skeive og heterofile, er det mest utbreidde at skeive opplever at nokon på ein sårande måte kallar dei for hore, homo eller andre ord med seksuelt innhald (31 %), og at ein mot sin vilje blir rørt ved på ein seksuell måte (23 %). Same mønster gjeld for seksuell trakassering retta mot gutar og jenter, der er det mest utbreidde at jenter opplever at nokon på ein sårande måte kallar dei for hore, homo eller andre ord med seksuelt innhald (24 %), og at ein mot sin vilje blir rørt ved på ein seksuell måte (21 %).



Figur 33: Har du dei siste 12 månadene vorte utsette for noko av dette på ein måte som du ikkje likte? (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire).


Rusmiddel

Ungdata viser at alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Det er fleire skeive (44 %) enn heterofile (34 %) som aldri drikk alkohol eller berre har smakt noko få gongar.




Figur 34: Hender det at du drikk nokon form for alkohol?

Resultat viser at det er flest gutter (19 %) og flest heterofile (16 %) som snuser kvar veke eller dagleg, men det er flest skeive (9 %) og flest gutter (5 %) som røyker sigarettar kvar veke eller dagleg.




Figur 35: Brukar du snus?



Figur 36: Røyker du sigaretter?


Resultat viser at det er litt fleire skeive (19 %) enn heterofile (14 %), og litt fleire gutter (17 %) enn jenter (11 %) som har brukt hasj eller marihuana '1 gong' eller fleire det siste året.



Figur 37: Kor mange gonger har du brukt hasj eller marihuana det siste året (dei siste 12 månadene)? (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire).

Tilbakemelding på undersøkinga

Tilbakemeldinga på undersøkinga viser at elever i vidaregåande skule i Vestland generelt opplever at undersøkinga gir eit godt bilete av korleis dei har det (88 %) og at dei svare ærleg på undersøkinga (98 %).



Figur 38: Heilt til slutt vil me gjerne høyra kva du synest om å vera med i denne ungdomsundersøkinga? (Prosentdel som har svart 'stemmer svært godt' eller 'stemmer nokså godt').

Kjelder

- Vestland fylkeskommune
 - Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, Regional planstrategi – Forslag til høyring og offentlig ettersyn.
 - Utfordringsdokument for Vestland
- Ungdata
 - www.ungdata.no
 - Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen
 - Bakken, A. (2023). Ung i Oslo 2023. Ungdomsskolen og vidaregåande. NOVA-rapport 6/23. Oslo: NOVA, OsloMet (oda.oslomet.no)
<https://www.oslomet.no/forskning/forskningsnyheter/ikke-heterofile-mindre-tilfreds-med-livet>
- Likestillingssenteret
- Mangfoldskompetanse – Nasjonal digital læringsarena
- <https://foreningenfri.no/informasjon/begreper/>
- <https://skeivungdom.no/skeiv-a-a/>
- Kronikk «Hva betyr det egentlig at «ikke-skeive» har bedre livskvalitet enn skeive»? forskersonen.no
- <https://www.innlandsstatistikk.no/nyheter/nye-data-om-skeives-helse-og-livskvalitet-i-innlandet.50642.aspx>
- Arnese, HS. (2024). Levere livskvalitet blant ikke-heterofile. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/levekår/artikler/lavere-livskvalitet-blant-ikke-heterofile>
- Eggebø, H. Stubberud, E. og Karlstrøm, H. (2018). Levekår blant skeive med innvandrerbakgrunn i Norge. Bodø: Nordlandsforskning. <https://www.nordlandsforskning.no/nb/publikasjoner/report/levekår-blant-skeive-med-innvandrerbakgrunn-i-norge>
- Lassemo, E., Sand, K. & Tøndel, G. (2020) Rapport: Kartlegging spørsmål frå lhbtq-ungdom, ung.no. SINTEF. <https://www.sintef.no/siste-nytt/2020/de-unge-er-fremdeles-redde-for-a-vare-skeive/>
- Løvgren, M., Høgestøl, A. & Kotsadam, A. (2022). Nasjonal trygghetsundersøkelse 2020. NOVA Rapport 2/22. Oslo: NOVA, OsloMet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-trygghetsundersokelse-2020/id2898765/>
- Wendelborg, C. og Dahl, T. (2024). Elevundersøkelsen 2023- Analyse av Elevundersøkelsen skoleåret 2023/24. NTNU Samfunnsforskning. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/rapporter/2024/elevundersokelsen-2023-hovedrapporten/>

Figuroversikt

| | |
|---|----|
| Tabell 1: Fordeling av svar på spørsmålet «Er du gut eller jente?»..... | 14 |
| Tabell 2: Fordeling av svar på spørsmålet «Det finnes et mangfold av seksuelle orienteringar. Kva for ein av de under passer best for deg?». Viser svar frå de som er i gruppa «skeiv»..... | 14 |
| Figur 1: Tenk på korleis du har hatt det den siste uka, kvar ofte har du... (Prosentandel som har svart 'heile tida' eller 'ofte')..... | 16 |
| Figur 2: Tenk deg ein skala som går 0 til 10. Toppen av skalaen (10) står for det best moglege livet for deg og nedst (0) er det verst moglege livet for deg. Generelt sett, kor står du på denne skalaen no for tida? (Prosentdel som har svart svaralternativ '6' eller høgere..... | 17 |
| Figur 3: Er du samd eller usamd i det som står under? (Prosentdel som har svart 'heilt samd' eller 'litt samd')..... | 17 |
| Figur 4: Kor godt passar det som står under for foreldra dine eller føresette? (Prosentdel som har svart 'passar svært godt' eller 'passar ganske godt')..... | 19 |
| Figur 5: Har du minst ein venn som du kan stola fullstendig på og kan fortru deg til om alt mogleg? . | 20 |
| Figur 6: Har du nokon å vera saman med på fritida og i friminutta? (Prosentdel som har svart 'ja, alltid' eller 'ja, som regel')..... | 20 |
| Figur 7: Er du samd eller usamd i følgjande utsegn om korleis du har det på skulen? (Prosentdel som har svart 'heilt samd' eller 'litt samd')..... | 21 |
| Figur 8: Eg blir stressa av skulearbeid (Prosentdel som har svart "ofte" eller "svært ofte")..... | 22 |
| Figur 9: Korleis trur du at framtida di vil bli? Trur du at du ... (Prosentdel som har svart "ja"). | 23 |
| Figur 10: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart "litt fornøgd" eller "svært fornøgd "). | 24 |
| Figur 11: Kor godt trivst du i nærområdet der du bur?..... | 25 |
| Figur 12: I kva grad kjenner du at du høyrer til på staden der du bur? (Prosentdel som har svart svaralternativ '6' eller høgere). | 25 |
| Figur 13: Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld ... (Prosentdel som har svart "svært bra" eller "nokså bra")..... | 26 |
| Figur 14: Når du er ute om kvelden, opplever du det som trygt å vera i nærområdet der du bur? | 27 |
| Figur 15: Kan du tenkja deg å bu i kommunen din når du blir vaksen?..... | 27 |
| Figur 16: Tenk på ein gjennomsnittsdag. Kor lang tid bruker du på følgjande: (Prosentdel som har svart "2-3 timar" eller fleire). | 29 |
| Figur 17: Her blir det nemnt ein del aktivitetar som du kan bruka fritida di til. Tenk tilbake på den siste veka (dei siste 7 dagane). Kor mange gonger har du ... (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire). | 30 |
| Figur 18: Er du, eller har du tidlegare vore, med i nokon organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte 10 år? | 31 |
| Figur 19: Kor mange gonger den siste månaden har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i følgjande organisasjonar, klubbar eller lag? (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire)..... | 32 |
| Figur 20: Kor ofte trenar du eller driv du med følgjande aktivitetar? (Prosentdel som har som har svart 'ein gong i veka' eller oftare)..... | 33 |

| | |
|--|----|
| Figur 21: Kor interessert er du i politikk og samfunnsspørsmål? (Prosentdel som har svart 'svært interessert' eller 'ganske interessert'). | 34 |
| Figur 22: Har du gjort, eller vore med på, nokon av dei aktivitetane som er nemnde under? (Prosentdel som har svart 'ja'). | 34 |
| Figur 23: I kva grad bekymrar du deg for klimaendringar? (Prosentdel som har svart 'ganske bekymra' eller 'veldig bekymra'). | 35 |
| Figur 24: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart 'litt fornøgd' eller 'svært fornøgd'). | 36 |
| Figur 25: I løpet av den siste veka (dei siste 7 dagane), kor mange dagar har du ... (Prosentdel som har svart '3 dagar eller fleire'). | 36 |
| Figur 26: Har du hatt nokon av desse plagene i løpet av siste månad? (Prosentdel som har svart 'mange gonger' eller 'dagleg'). | 37 |
| Figur 27: Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette: (Prosentdel som har svart 'ganske mykje plaga' eller 'veldig mykje plaga'). | 37 |
| Figur 28: Dersom du kjenner deg utanfor eller trist og treng ein å snakka med, har du nokon du kan prata med (Prosentdel som har svart 'Ja'). | 38 |
| Figur 29: Kor mange gonger har du brukt følgjande helsetenester dei siste 12 månadene? (Prosentdel som har svart 'minst éin gong'). | 38 |
| Figur 30: I kva grad er helsesjukepleiar (helsesøster eller helsebror) tilgjengeleg når du treng hjelp?(Prosentdel som har svart 'i svært stor grad' eller 'i nokså stor grad'). Spørsmålet er berre stilt til dei som har svart 'ja' på at det finst ei helsesøster/-sjukepleiar på skulen. | 39 |
| Figur 31: Blir du sjølv utsett for plaging, truslar eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?. | 40 |
| Figur 32: Tenk på det siste året. Har du opplevd å få hatefulle eller truande kommentarar retta mot ... (Prosentdel som har opplevd hatefulle eller truande kommentarar 'av og til' eller oftare). | 41 |
| Figur 33: Har du dei siste 12 månadene vorte utsette for noko av dette på ein måte som du ikkje likte? (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire). | 42 |
| Figur 34: Hender det at du drikk nokon form for alkohol? | 43 |
| Figur 35: Brukar du snus? | 44 |
| Figur 36: Røyker du sigaretter? | 44 |
| Figur 37: Kor mange gonger har du brukt hasj eller marihuana det siste året (dei siste 12 månadene)? (Prosentdel som har svart '1 gong' eller fleire). | 45 |
| Figur 38: Heilt til slutt vil me gjerne høyra kva du synest om å vera med i denne ungdomsundersøkinga? (Prosentdel som har svart 'stemmer svært godt' eller 'stemmer nokså godt'). | 46 |

